

## SØKNAD OM DISPENSASJON

For tiltak på følgende eiendom i Masfjorden kommune (4634)

Gnr.	3	Bnr.	4	Fnr.:	
Adresse	Fensfjordvegen 1228				
	5986 Hosteland				
Søknaden sendes inn av					
Namn tiltakshavar	Nautesund Camping v/ Gerd Norunn Vangsnes				
Adresse tiltakshavar	Fensfjordvegen 1228				
Kontaktperson	Bjørn Rune Kvinge				
Telefon	456 03 190	e-post-adresse	post@brkvinge.no		

Vi søker om dispensasjon frå (sett kryss for det riktige)

<input checked="" type="checkbox"/>	Kommuneplanens arealdel
	Kommunedelplan for:
	Reguleringsplan (områdeplan, detaljplan, bebyggelseplan)
<input checked="" type="checkbox"/>	Plan- og bygningslova (pbl)
	Byggteknisk forskrift (TEK17)
	Anna, beskriv:

Vi søker om dispensasjon frå følgende krav i lov/forskrift

1. frå kommuneplanen pkt 4.5: Byggegrense mot sjø i gjeldande kommuneplan
2. frå kommuneplanen pkt 5.3: Byggeforbod mot tiltak i sjø og vassdrag
3. frå pbl §11-7: Forbod mot tiltak i sjø og vassdrag




---

### For å kunna byggja / utføra følgjande tiltak:

Byggja næringsbygg med servering der ein terrasse i 2. etasje kan byggast inn til 1,0 meter ut over sjøen og såleis utanfor gjeldande byggegrensa mot sjøen. Det er ingen installasjon fast i grunnen utanfor den godkjende byggegrensa.

---

### Vi søker om (sett kryss)

X	Dispensasjon etter § 19-1 (permanent)	
	Dispensasjon etter § 19-3 (midlertidig)	fram til dato

---

### Bakgrunn for dispensasjonssøknaden

Nautesund Camping er ein godt etablert campingplass med 43 faste campingvognplassar som er utleiga på året. Disse vognplassane er fullt booka heile året og de er ellers mykje besøk på campingplassen i sommerhalvåret (hytter, bobiler, telt). Naboeigedomen har liknande tal faste campingvognplassar og bruken er den same.

Campingplassane ligg svært fint plassert mellom fv570 og sjøen. På den aller finaste staden på område er det frå gammalt av eit nothus, båthus og næringsbygg. Det er no planlagt eit nytt bygg for servering på same staden som det gamle nothuset har stått. Dette bygget stod heilt i sjøkanten der notbåtar kunne leggja til land og med ei vinde (heis) under takt som gjekk ut over sjøen vart nøtene heisa opp og hengt til tørk i nothuset. Nothuset er i dag vekke og dei andre bygga er til nedfalls.

Området ligg fint plassert, tett ved sjøen og med fin utsikt over småbåtmarina, holmar og skjer. Plassen er i dag mykje nytta av gjestar på campingplassen for samhold og rekreasjon.

Det er behov for ein serveringsstad i området både for folk på campingplassane og for lokalbefolkning.

Det nye bygget er planlagt med ei form som har trekk frå det gamle nothuset. Gavl mot sjøen har ei form som liknar og taket er trekt ut på same vis. Elles er det plasseringa og utsikta som er unik og som er bakgrunn for at restauranten er plassert med store vindauge mot sjøen og ein terrasse utanfor der sjøen, sjølukta og utsikta kjem endå tettare på. Bygget er trekt så langt frå sjøkanten som mogleg på tomten. For å få plass til ein så brei terrasse at den er tenleg må denne byggast 1 meter ut over sjøen.

Den del av bygget som står på land er i samsvar med gjeldande kommuneplan, det er den delen av terrassen som kjem 1 meter ut over sjøen det vert søkt dispensasjon for å få bygga.

### Skildring av tiltaket

Nautesund Camping er etablert rundt 1970 og er ein campingplass i området med lange og gode tradisjonar. I dag er det ein svært attraktiv plass med lite utskifting av leigetakarar, folk likar seg her. Dette medfører eit fellesskap mellom leigetakarar, utleigar og også lokalbefolkning.

Det er no eit strekt ynskje om å etablere ein samlingsplass med matsservering på området. Den plassen der bygget er planlagt reist har i dag behov for ei oppgradering uansett, dette er absolutt rette plassen for ei slik etablering og ein kan slå minst to floge i ein smekk.



Tiltakshavar som driv campingplassen ynskje å utvikla staden for å kunna driva vidare på ein berekraftig måte. Dette er ei stor investering. Å få dette bygget så attraktivt og nyttig som mogleg er heilt nødvendig for at det skal være økonomisk forsvarleg. Å få turistar og andre innom Nautesund Camping er også ein svært god måte å få vist fram Masfjorden kommune på.

**Fordelar med å innvilga dispensasjon for omsøkte mindre tiltak er:**

- Arealet til sjøkanten er i kommuneplanen satt av til service og næring, ein godt plassert terrasse er ein svært viktig del av det planlagde tiltaket.
- Tiltaket er «opent for alle» ingen direkte privatisering i strandsona.
- Få eit stort pluss i etablering av eit etterlengta tilbod på campingplassen og i nærmiljøet
- Dette vil auka attraktivitet for arrangement som det elles ikkje er lokale til i området
- Medverka til tryggare drifta av campingplassen som gjer forholda lettare for dei som driv
- Ein gamal draum hjå dei som i generasjonar har jobba mykje for å halda jula i gang
- Være eit bidrag i å sikra drift av ei etablert verksemd i kommunen

**Ulemper med å innvilga dispensasjon for omsøkte mindre tiltak er:**

- Tiltakshavar ser ingen ulemper for nokon med dette svært avgrensa tillegget for ei etablering som elles samsvarar med pbl og kommunale arealplanar.

**Signaturer**

tiltakshavar

ansvarlig søkjar

for Nautesund Camping  
Gerd Norunn Vangsnes

Bjørn Rune Kvinge

20.12.2021

*Gerd Norunn Vangsnes*

20.12.2021

*Bjørn R. Kvinge*

dato

signatur

dato

signatur

**Vedlegg**

Type vedlegg	datert	vedlagt	ikkje vedlagt
Kvittering for nabovarsel		X	
Situasjonsplan		X	
Teikning		X	
Utale frå offentleg etat			
Andre vedlegg			X
			X